

# Notat

**Til:**

Normund Rolleiv Svoen, Anita Sørheim

**Frå:**

Hildur Thingnes

**Kopimottakarar:**

Astrid Dale, Geir Hølleland, Mona Grete Skivenesvåg Løvø

**Dato:** 10.05.2023

**Arkivref:** 2021/443 - 20834/2023

---

## Manglande kapasitet innan endokrinologi. Informasjon til fastlegar

Viser til møte 20.04.23 der situasjonen med manglande kapasitet innan endokrinologi vart drøfta.

### Status i saka

- Overlege / endokrinolog Geir Hølleland skal jobbe 20 % frå 01.06.23 mot dagens 91 %. Dette inneber at vi ikkje har endokrinolog i Helse Førde som kan ta pasientkonsultasjonar. Hølleland skal jobbe med pasientadministrative oppgåver, noko undervisning og elles bistå med støttetjenester til diabetessjukepleiarar m.fl.
- **Tilvisingar skal framleis sendast Helse Førde, medisinsk avdeling, og vil bli vurderte av Hølleland. Avdelinga vil inntil vidare ta hand om pasientar med diabetes.**
- **Det blir vurdert kven av pasientane som må tilvisast vidare til Haukeland universitetssjukehus (HUS) og Vågen spesialistpraksis i Bergen. Pasientane blir informerte om vidaretilvising og dialogmelding vert sendt tilbake til tilvisande lege. I samarbeid med HUS, vil legar i spesialisering ( LIS 2/3) i Helse Førde ta tilpassa konsultasjonar.**
- Volda sjukehus har ikkje kapasitet til å ta pasientar frå Helse Førde.
- Det vert jobba med rekruttering av endokrinolog, men det er ikkje utsikter til å få tak i ny på kort sikt.
- **Nefrologane Astrid Dale og Mona Løvø har ikkje kapasitet til å svare på spørsmål innan endokrinologi utover diabetesfeltet. Spørsmål frå fastlegar må stillast direkte til vakthavande lege på endokrinologisk seksjon, HUS. Skriftlege førespørslar om diabetes sendast til Førde sentralsjukehus, medan spørsmål elles innan endokrinologi må sendast til HUS.**

**Bed med dette om at PKO informerer fastlegane om situasjonen.**